

TINGVOLL KOMMUNE
Kommunehuset

6630 TINGVOLL
Norge

Deres ref.:

Vår ref.

Dato:

Sak/dok.: 14/03472-38

20.09.2018

Ark.: 326.12 NJG

Klage i namnesak 2018/135 i Tingvoll kommune, Treekra og Tveekra

Kartverket reiser klagesak på skrivemåten av gardsnamna *Treekra* og *Tveekra* i Tingvoll kommune. Ei klagesak har same saksgang som første runden i ei namnesak.

Bakgrunn

Kartverket har vedteke at gardsnamnet til gardsnummer 104 i Tingvoll kommune skal skrivast *Treekra*, og at gardsnamnet til gardsnummer 105 skal skrivast *Tveekra*. Vedtaka var i samsvar med stadnamntenesta si tilråding for skrivemåtar og med registrert nedervd uttale og etymologisk opphav. Det er òg desse skrivemåtane som var i bruk på offentlege kart. Dei avleidde namna Treekerbukta og Tveekerholman tyder på at primærnamna er rett tolka.

Gardsnamna er bruksnamn for bruksnummer 104/1 og 105/1. Same skrivemåte som for gardsnamnet vart vedteke for bruksnamna.

Grunneigarar og Tingvoll kommune har klaga på vedtaka. Dei ønskjer heller skrivemåtane *Treekrem* (gnr. 104) og *Tveekrem* (gnr. 105). Kommunen grunngjev klaga med at «de foreslåtte navna Treekra og Tveekra har ikke vært brukt og er ikke ønsket av grunneierne». Grunneigar til 105/1 seier at «Tveekra er helt ukjent for de tre generasjonene som lever på garden i dag, og ikke i bruk».

Lokal høyring

Kartverket har vedtaksrett for skrivemåten av nedervde gards- og bruksnamn. Før det vert gjort vedtak, har kommunen rett til å uttale seg. Eigarar og festarar har rett til å uttale seg om gardsnamn og bruksnamn, og lokale organisasjonar har rett til å uttale seg om skrivemåten av namn som dei har særleg tilknytning til. **Saker som gjeld bruksnamn skal eigarane få tilsende direkte frå kommunen.** I denne saka gjeld det bruksnummer 104/1 og bruksnummer 105/1.

Bruksnamn

Etter lov om stadnamn har grunneigaren rett til å fastsette skrivemåten av namn på eige bruk dersom han kan dokumentere at skrivemåten har vore i offentlig bruk som bruksnamn (på

offentleg kart, på skilt, i matrikkelen, skøyte e.l.), jf. § 6 andre ledd i lov om stadnamn. Det er Kartverket som formelt vedtek skrivemåten, men dersom grunneigaren ønskjer ein annan skrivemåte enn den Kartverket vedtek, kan han/ho sende krav om det til Kartverket.

Normeringsprinsipp og saksgang

Etter § 4 i lov om stadnamn er hovudregelen å ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen og følge gjeldande rettskrivingsprinsipp når ein normerer stadnamn.

Skrivemåten skal vere praktisk og ikkje skyggje for meiningsinnhaldet i namnet. I rettleiing til forskrift om skrivemåten av stadnamn er det meir detaljerte retningslinjer for korleis stadnamn skal normerast.

Primærnamn

Skrivemåten i primærfunksjonen vil normalt vere retningsgjevande for skrivemåten av det same namnet i andre funksjonar, t.d. for adressenamn som er like eller avleidde av namnet, jf. § 4 andre ledd. Kommunen må derfor sette ev. pågåande saker som gjeld adressenamn og adressedilleggsnamn, der dei same namna inngår, på vent til det er gjort vedtak om skrivemåten av primærnamna. Kommunen må ta omsyn til den vedtekne skrivemåten av primærnamnet når dei skal gjere vedtak.

Kunngjering

Kommunen har ansvaret for å kunngjere at namnesaka er reist, t.d. ved notis i lokalavis og på nettsidene sine. Kommunen har også ansvaret for å innhente og samordne dei lokale høyringsutsegnene. Dei skal sendast til *Stadnamntenesta for Midt-Noreg, Språkrådet, Postboks 1573 Vika, 0118 Oslo (post@sprakradet.no)*, med kopi til Kartverket. Stadnamntenesta vil så gi endeleg tilråding til Kartverket. Ordinær høyringsfrist for kommunen er to månader frå de tek imot dette brevet.

Dersom klagar ikkje får medhald i klagesaka, vert ho send til ei særskild klagenemnd som er nedsett av Kulturdepartementet, til endeleg avgjerd.

Med venleg helsing

Kari Aalvik Buset
fylkeskartsjef

Nils Jørgen Gaasvik
stadnamnansvarleg

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

Kopi Stedsnavntjenesten for Midt-Norge
Per Gunnar Løset, TINGVOLL KOMMUNE